

## AV OLAV ROVDE 04092014

### Det norske familiejordbruket

#### Opplegg

Opplegget mitt er å gje ei historisk skisse som skal krinse kring det som i denne samanhengen er tre viktige kjenneteikn ved struktur, eigedomsform og livsform i det norske jordbruket dei siste godt og vel 200 år: Det er eit typisk familiejordbruk, det er karakterisert av stor grad av sjølveige, det har karakter av småbruksstruktur, det har – men med fleire unntak - hatt sterke egalitære trekk. Opplegget: eit historisk oversyn om utviklinga fram til – nesten i dag.

(Tilbakeblikk: rundt 1350 eigde kyrkja ca. 48% (auke), adel og konge 12-15% (gått tilbake) – resten var mest bondeeige (men borgarane eigde også noko).

Adelsjord i tilbakegang – hadde samanheng med at kongane i unionstida hadde lite bruk for ei norsk hird.

Fall i bondeeige i seinmellomalderen. Kyrkjegodset stort – har samanheng med at kyrkja ideologisk sett stod sterkt

Men: sterkt bondeeige i innlandet: Hallingdal, Numedal, Telemark og Agder – opp mot 80%)

#### 1.Sjølveiget

I moderne tid har familiejordbruket hatt ein sentral plass i norsk jordbruk – og i samanheng med det: bøndene var sjølveigarar. Overgang til sjølveige starta på slutten av 1600-talet..

(Bakgrunn: Borgarskapet, kapitaleigarane som i mellomalderen knapt hadde anna enn jord å investere i, fann meir lønsame prosjekt: sagbruk, handel, bergverk, skipsfart. Krongods selt – kongane trøng pengar.

Krongodset vart selt i fleire etappar

Kongen selde beinveges til bønder – i tillegg kjøpte bønder gamalt odelsgods.

Lite sjølveige i Nord-Norge I Finnmark rekna staten seg som eigar av all grunn – der var jorda umatrikulert

Det var svært lite jordeigande adel i Norge – og adelen vart avskaffa i 1821. 1820: 14 adelslekter – 36 personar)

I 1801 var 57% av dei norske gardbrukarane sjølveigande. Talet steig utover på 1800-talet.

I 1815 om lag 2/3 av alt jordegods (etter skyldverdien) brukareigd.

Av den siste tredelen, bygselsgodset, eigde proprietærane, private kjøpmenn og brukseigarar ca. 40. I den vanskelege perioden etter 1814 måtte mange avhende jordeigedomane sine – det vart for det meste selt til brukarane. Men mesteparten av bygselsgodset (Ca 60%) var i offentleg eige og om lag likt fordelt mellom benefisert gods og krongods. Mykje krongods hadde vorte avhenda til brukarar i einevaldstida.

Det benefiserte godset var jordeeigedomar som låg til embeta, først og fremst dei kyrkjelege. Råderetten var forvalta av det regionale og lokale embetsverket – embetsmennene brukte ein del av dette godset sjølve, men leigde ut det meste og hadde bygselinntektene av det.

Det var diskusjon om kva ein skulle gjere med det. I 1821 vedtok Stortinget med stort fleirtal at det benefiserte godset skulle avhendast ved offentleg auksjon etter kvart som bruka vart bygselledige (1/3 av kostnadane skulle stå i egedomen mot renter. Kjøparen skulle dertil svare årleg kronavgift til staten. Inntektene av salet skulle gå til Opplysningsfondet til støtte for universitet og skuleverk.) Gjekk treigt med salet i byrjinga, men lempa på vilkåra.

1835: 70 % av alle brukarar i landet sjølveigande

1865: 85 % - betydde at leiglendingssystemet vart avvikla

1875 var 95% av den dyrka jorda sjølveigande

1920 var talet på leiglendingar under 7000, knapt 2 % av registrerte bruk

(Var store regionale skilnader. Dei fremste sjølveigardistrikta, også frå gamalt av, var Agder, fjell- og dalbygdene austafjells – 90 % sjøleige i 1835

Deretter følgde breibygden i det indre og nedre Austlandet – minus grevskapsdistriktet Larvik: 80 % Dernest det historiske Trøndelag, bygdene kring Trondheims-fjorden og dei indre vestlandsbygdene Dei mest utprega bygselområda: fiskeridistrikta langs kysten (handelsmann, embetsmann), men først og fremst Nord-Norge. Her ein større del av jorda på private godseigar hender enn nokon annan plass Enno i 1865: 54 % av bruka i Nordlands amt var leigleningsbruk.)

Norden:

Danmark: Den brukareigde delen av jordegodset svært ujamt fordelt i første halvdel av 1800-talet. Tempoet i sjølveigarprosessen størst i Vest-Jylland, der få av dei gamle adelsgodsa var att i 1835. Sjælland: leiglendingar av ulike slag i stort fleirtal. 1850: hoveriet avløyst med pengegodtgjersle til godseigaren  
Sverige: meir likt det norske, 1850: ca. 60% sjølveigarar

Odelsrettens rolle – var spesiell for Norge. Vart avskaffa i Danmark og Sverige: galdt retten til etterkomarane for ein eigar å løyse inn eigedomar som vart selde – galdt eigedomar som hadde tilhørt slekta i ei hevdstid – 60 år før 1604, 30 år 1604-1687, 20 år etter 1687 - i 1771: 10 år. Grunn: viktig å halde oppe bøndene som soldatar og skatteinntektarar. Vart diskutert på Eidsvoll: men lova vidareført. Ny odelslov 1821 vart hevdstida for odelsrett sett til 10 år, løysingsretten til 5. Noko som reduserte verdien av generasjonsoverføringer: kårordningar

2. Parallelt med overgangen til sjølveige: det vart stadig fleire bruk. Det norske preget av småbruksland vart styrka etter 1815. Det hadde bakgrunn i den sterke befolkningsveksten. Frå 1815 til 1855 steig folketalet frå 885 000 til 1 490 000. Gav langt større etterspørsel etter jord. Ein løyste dette på to måtar: garddeling og nydyrkning (+ husmannssystemet). På gardsbruk i sjølveige hadde eldste son etter odels- og åsenteretten rett til å overta garden udelt. Når dei ikkje fanst ledig jord for yngre søner, hende det likevel at gardsbruka vart delte. Frå 1838 til 1865 auka talet på gardsbruk frå 111 000 til 134 000. Var særleg sterkt garddeling på Vestlandet. Også det dyrka arealet auka mykje – særleg på Austlandet

Talet på mindre parcellar steig sterkt. I nord og langs kysten: fiske som kombinasjonsnæring

Sterk stigning i talet på småbruk i det indre Austland: sterkest i Hedmark, Oppland - elles Akershus

Hedmark 1870: over 70 % tilhørde gruppa små- og mellomstore bruk.  
Agder – mange små bruk som vart drivne i kombinasjon med sagbruk, skogsdrift, fiske, sjøfart. Hordaland var eit småbruksdistrikt.  
Næringskombinasjonane har lange tradisjonar i norsk jordbruks historie – knytt til eksportnæringa: skog, sjøfart, fiske

Politisk styrke. Grunnlova 1814 fekk stemmerettsreglar som sette Norge i ei særstilling i Europa. Samla: stemmerett til 7,5% av befolkninga, eller ca. 40 % av alle menn over 25 år. Her var bøndene ei stor grupper – det galdt ikkje berre sjølveigande bønder, men også leiglendingar. Med dette fekk dei norske bøndene ein meir framskoten stilling enn i noko anna land.  
Bonderepresentasjonen på Eidsvoll var oppsiktvekkjande stor (37 av 112), like eins avgjerda om å gje stemmerett til alle som dreiv sjølvstendig matrikulerte bruk. Kristian Fredrik: bondeopposisjonen sett på som kongetru. Ein

hovudgrunn: viktig i 1814 å vinne bøndenes støtte - her kom m.a. spørsmålet om allmenn verneplikt inn. Bakgrunn elles: bondebefolkninga i Norge hadde frå gamalt av alltid teke del i styre og stell lokalt, på tinga, i samband med kyrkjene og frå slutten av 1700-talet i skule- og fattigkommisjonar og i forlikskommisjonar.

(Ta eventuelt med dette – vis til Kåre Lunden: ikkje så treffande å kalle dette for «bondekommunalisme». Norge hadde noko landsbysystem som vi finn i Europa. Det norske bondesamfunnet var bygt på garden, fanst avgrensa samarbeid mellom brukarane eller mellom fleire gardar – men over dette geografiske og funksjonelle nivået hadde dei norske bøndene i dansketida ikkje eigne sjølvstyreorgan, men styringsorgan med Kongen og embetsmenn.) Merk at det etter 1814 vart delen som hadde stemmerett mindre – før utvidingane i 1884 og 1898. Grunn: sterkt vekst i grupper som ikkje hadde stemmerett etter 1814-grunnlova (husmenn, arbeidrarar). I 1880: reknar med at ca 30% vaksne menn hadde stemmerett.

### 3. Husmannssystemet

Stemmeretten eller sjølveiget galdt ikkje for alle i bondesamfunnet. Her: husmannssystem. Ei gruppe som kom i siste halvdel av 1600-talet. Bakgrunnen sterke folkeveksten som sette stadig sterkare press på jorda. Då var løysinga å opprette husmannsplassar. Annan grunn: skaffe gardbrukarane stabil arbeidskraft. Plassfolket var den sosialgruppa som vokste mest den første delen av 1800-talet. Veksten kulminerte rundt 1860, litt tidlegare i sentrale strok, litt seinare i andre. Rundt 1855-60 var talet på såkalla «avhengige», mest husmenn, elles tenrarar, jordbruksarbeidrarar, om lag jamstor med talet «uavhengige», bøndene.

1855:

46 000 gardbrukarar, 41800 husmenn

(Regionale skilnader: sterkest vekst i Kyst- og Fjord-Norge. Her var arbeidsplikta mindre. Mange individuelle skilnader: husmenn dreiv fiske, fjordtransport, handverk. Husmenn utan jord, strandsitjatrane, stod utanfor jordbruket.

Arbeidshusmannen mest vanleg på Austlandet og i Trøndelag

Elles: seinare kulminasjon av husmannsvesenet nordpå. Her kom det ein sterkt auke i folketalet i siste del av 1800-talet)

Kan ein rekne husmenn og bønder til ei felles jordbrukarklasse? Det er nok problematisk, i allfall i dei sterkt sosialt klassedelte regionane. Slik husmannsvesenet utvikla seg på Hedemarken og i Trøndelag kan det hevdast at storbøndene knapt var «bønder». Dei dreiv gardane med husmenn og innleigd arbeidskraft. Men: dei var ikkje føydale godsherrar, dei vanta rettsleg juridiksjon over husmennene. Husmennene var ikkje ufrie eller liveigne.

Historie frå Bø: når eg går tur i Åsen der eg bur, går eg forbi eit skilt som fortel om eigaren som prøvde å kaste ut enkja etter ein husmann han hadde i skogen. Han slo den vesle dyrka bota på husmannsplassen og tok høyet. Då gjekk ho til sak og vann. Bonden måtte pent leve vere høyet tilbake, og enkja fekk sitje på plassen

(Vektlagt i boka «Norge fra u-land til i-land»: Jordbruket var den første store vekstnæringa på 1800-talet. Det nye var at produksjonen vokser meir enn befolningsveksten. Denne veksten er hovudforklaringa på at Norge frå om lag 1830 gjekk inn i ein langvarig periode med økonomisk framgang.)

#### 4. Dei store økonomiske, sosiale endringane etter ca. 1860 skapte nye rammevilkår for den norske bonden.

Frå om lag 1860: gjekk inn i den perioden Edvard Bull ein stad kalla «Kapitalismens frigjørende fase». Samfunnsutviklinga i og utanfor Norge gjorde det mulig for folk i den overbefolka landsbygda å flytte til betre levebrød – over havet til Amerika, sjølv sagt, men også til sentra og byar – som fekk ein sterkt folkevekst mot slutten av 1800-talet. Det gjorde at bygdebefolkinga relativt sett gjekk tilbake. Her er det snakk om både «push» «pull». Det var mangt som drog husmennene bort. På den andre side: Bøndene valde bort husmannsvesenet – såg det som dyr ordning. Var ulempe med plassrettar i skogen (skogsarbeid), bonden kunne bruke plassane til å auke innmarka, nye reiskapar, slåmaskiner, plogen m.m. reduserte behovet for husmenn og lønnsarbeidarar. Merk det auka talet på hestar.

Eit poeng her: endringane her fall saman med ei ganske storstilt utskifting. 1821-lova – lite effektiv. Ny lov i 1857 – kom då fart i utskiftinga. No teigblandingssystemet oppløyst. Var «radikal» bruksdeling i Sør-aust-Norge. Her var innmarka delt etter bruk på garden. I teigblandingsområdet på

Vestlandet vanleg med klyngjetun – hus samla på eitt tun. (Men altså ikkje landsbysystem som i Europa)

Utskiftinga betydde oppbrot frå det gamle bufellesskapet. Fekk eit meir spreidd gardssystem – og meir individuell drift på gardane. Oppheving av teigblandinga viktig for utviklinga av familiebruket. Samanliknar vi med England, der «Enclosure» starta langt tidlegare (midten av 1700-talet, og var viktig bakgrunn for den industrielle revolusjonen, er det verd å peike på ulikskapane. I England skjedde det med store konfliktar og enda med at småbøndene vart jaga ut, og til at godseigarar tok over meir av jorda – inngjerda i store gods. I Norge styrka utskiftinga stillinga til dei jamne bøndene – og til familiebruksstillinga.

Bakgrunn: Har samanheng med utviklinga av salsjordbruket og bruk av nye reiskapar: plogar som avløyste spadejordbruket, og ikkje minst: slåmaskinane. Elles: den sterke bruksdelinga gjorde at teigdelinga etter kvart mista sin betydning. Når ein delte gardane måtte ein også dele teigane. Gjorde at mange teigar vart så små at at bonden måtte stå på naboen teig for spa jorda.

Relativt forhold by-land; (men merk: i absolutte tal veks jordbruksbefolkinga enno ei tid)

1855: 84 % i bygdene

1920: 55 %

(Først i 1946 at det budde like mange i byane som i bygdene)

Denne prosessen endra forholdet mellom dei «uavhengige» og dei «avhengige» i jordbruksamfunnet. Gruppa husmenn skrumpa inn. I 1875 fanst det 53 000, i 1920: 9 000 Kulminasjonen og nedgangen seinast i Nord-Norge.

Reduksjonen i husmannsgruppa vart i ei viss grad erstatta av lausejordarbeidarar fram til 1890 – før veksten også her flata ut. (Nemn svenskane: kom til Norge i denne perioden, til Aust-Norge og fjordbygdene i sør aust. Var sommararbeidskraft frå granndistrikta i Värmland, Dalsland og Båhuslän)

Talet på tenrar låg nokså stabilt fram til ca. 1910 – då tilbakegang. Kvinnelege tenrar vart langt færre. Dvs drengane og tausene vart færre.

Slik: arbeidskrafta i næringa redusert. Men stor vekst i gardstalet som kom særleg av at at husmannsbruk og andre plassbruk vart skilde frå hovudbølet, og skyldsette. Dermed vart det også fleire sjølveigande brukarfamilier. Slik: det norske familiejordbruket vart styrka, samstundes som småbruksstrukturen vart klarare framheva. Var talet på dei minste brukene, opptil 50 dekar, som auka

mest, medan det kom ein viss tilbakegang i dei største brukene. I 1918 var 62% av brukene under 20 dekar, tek vi bort dei som vart kalla parsellbruk inntil 5 da., er talet 47 %. (Dette kjenneteikna utviklinga fram til 1920-åra)

Sjølveige og småbrukspreg vart med dette grunnelementet i det norske bondesamfunnet. Dei egalitære sidene vart også styrka ved at nesten halvparten av gardbrukarane sat på bruk under 50 dekar. Men her skilde flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag seg ut, med store bruk ved sida av eit veksande tal småbruk. Langs kysten, i fjord- og fjellbygdene fanst det knapt store bruk.

## 5. Smårukets tid

Denne perioden, frå slutten av 1800-talet og i dei første tiåra av 1900-talet, var samstundes ei gjennombrotstid politisk og ideologisk for småbrukarane og småbrukarrørsle – av Wilhelm Keilhau (sosialøkonom og historikar) kalla «..den mest bemerkede kjensgjerning i det norske jordbruks utviklingshistorie mellom 1905-1914». Småbrukarrørsle bygde på ei forestilling om at småbruket kunne utviklast som ei intensiv driftsform, spesialisert m.a. ved «smånæringane»: fjørfe, bi- og kaninavl, hagedyrking og husflid. Rørsle munna ut i fleire organisasjonar, som Småbrukarlaget og det politiske partiet Arbeidar demokratane, og fleire tiltak for å styrke denne delen av jordbruken. Tiltaka gjekk ut på å hjelpe jordlause og eigedomslause til å skaffe seg eiga jord. Vart oppretta offentlege fond (Jordinnkjøpsfondet og Huslånefondet) for dette formålet, eigen statsbank – Den norsk Arbeiderbruk- og Boligbank av 1903 (i 1915 kalla Den norske stats Småbruk- og Boligbank), og ordningar (m.a. med ekspropriasjon – husmannslova av 1928) som gjorde at husmenn som levde att, kunne overta eigedomsretten over plassen. Merk også Jordlova av 1928 som fekk eit klart sosialpolitisk siktemål. Småbrukaren var den sosialpolitiske helten (skriv Almås), «småbrukar» vart eit fast omgrep i språket – i folketeljinga i 1920 vart ordet ført inn som yrkeskategori.

Merk: Men nemninga stod ikkje like sterkt overalt – den var mest brukt i Hedmark, Oppland og Trøndelag, der småbrukaren, i det klassedelte jordbruks samfunnet, hadde ei meir sjølvstendig stilling – og var del av ei politisk rørsle. I dei meir egalitære kystområda og i fjellbygdene, var «gardbrukarar» brukt som fellesnemning.

Ein viktig bakgrunn for veksten av små bruk var ryddinga av såkalla bureisingsbruk for å avhjelpe krisa i 1920- og 1930-åra. Den veksande arbeidsløysa som med Edvard Bulls ord skapte «en innsperret»

bygdebefolkning, gjorde at politikarane vende augene mot jord som kriseløyser: å støtte utbygginga av såkalla bureisings bruk. Ein politikk som starta før kriseåra, då kopla til ei målsetting som særleg vart framheva av bondeorganisasjonane (Landmandsforbundet) om å vende straumen av folk som rømde ut av bygdene og ut av landet – innover for «å ta landet i Besittelse». Bakgrunnen for etablering av *Selskapet til Emigrationens Indskrænkning* i 1908 – seinare med namnet *Ny Jord*. I mellomkrigsåra kom fleire ordningar (m.a. støtte til nydyrkning gjennom landbruksselskapa og til lokale jorddyrkings- og nydyrkingselskap.)

I perioden 1918 til 1948 vart det oppretta 16-17 000 bureisings bruk. (Merk bureising i Danmark: «hedebrug» på Jylland. I Sverige «Egnahem-» og «småbruksbevegelsen»)

Bondesamfunnet i mellomkrigsåra kunne på denne måten vere ein redningsplanke for mange i ei krisetid. Perioden var eit høgdepunkt for familiebruket, for småbruksstrukturen, for sjølveiget – og for mangsysleriet – kombinasjonsbruket. Men det stod under press. Sjølv om avgangen avtok i styrke, fall likevel jordbrukets del av yrkesbefolkinga. Sjølveiget, som vi peikte på, var under press på grunn av gjeldsproblem og konkursar. Bak problema: det såkalla bondeparadokset. I familiejordbruket kunne ein ikkje seie opp folk. Prisfall pga overproduksjon vart besvart med aukande produksjon. Men hovudsvaret kom i 1930-åra: utbygginga av dei økonomiske organisasjoenmane og samvirket.

## 6. Etterkrigstida – Den store flukta frå bygdene og jordbruksnæringa

Det vart skapte heilt nye rammevilkår for jordbruket. Målsetjingar som rykte i forgrunnen var økonomisk vekst, rasjonalisering, effektivisering, skulle særleg skje i industrien. Kan snakke om ei Industrialiseringslinje i næringspolitikken. Jordbruket sett under langt hardare press enn tidlegare – fekk ein mindre sentral plass enn nokon gong tidlegare, vart underlagt det som vart kalla dei vekstfremjande næringane. Hadde fleire verknader. For det første gjekk det ein straum av folk ut av næringa og over til betre betalt arbeid. Kan seie det var eit resultat av at dei mange som hadde vore «innestengde» (Bulls uttrykk) på bygdene, no fekk høve til å reise ut – jf også hans uttrykk «kapitalismens frigjerande fase». Men dette kom til å bli ein vedvarande prosess som har vart

fram til i dag. Enno i 1945 budde om lag halvdelen av befolkninga i Norge i bygder, og stordelen var sysselsett i primærnæringane. Det var ikkje noko nytt av byane og tettbygde strok voks – men no gjekk den utviklinga raskare enn nokon gong før. Ved utgangen av 1970-åra var det berre om lag 30% som budde i såkalla spreiddbygde strok – i dag ligg talet rundt 20%.

Denne mobiliteten gjekk sterkest ut over jordbruksarbeidet. Mellom 1946 og 1969 sakk andelen jordbruksarbeidet hadde av yrkesbefolkninga frå ca. 22% til 8,5 % - og den samla yrkesbefolkninga i jordbruksarbeidet vart redusert med over 180 000. Samstundes gjekk talet på bruk ned, frå 213 000 i 1949 til 125 300 i 1979. Særleg frå slutten av 1950-talet. Nedgangen flata noko ut 1980-talet, men aksellererte frå 1990-talet. I 1989: 99382 bruk, 1999: 70740. I 2014 ca. 43 000 driftseininger att.

Utflyttinga frå jordbruksarbeidet omfatta i første omgang jordbruksarbeidarane – som det framleis var nokså mange av like etter krigen. I løpet av 1940- og 1950-talet var det stort sett slutt på den leigde arbeidskrafta. (Er komen tilbake – jordbærldyrkinga – og i spesialiserte produksjonar). Utviklinga gjorde at bruket vart «reinare» familiebruksområder. Men også desse vart sett under press då også barna vende jordbruksarbeidet ryggen. Dette førte i første omgang til «forgubbing», i andre omgang – når dei gamle fall frå – til nedlegging. Skjedde særleg med dei små brukene – ein stor del av t.d. «bureisingsbruka» forsvann ganske raskt. Også dei små brukene langs kysten.

Dette har eg sjølv opplevd. Kjem frå ei fiskarbondefamilie – hadde eit bruk på 30 da innmark. Første del på 50-talet vart garden forpakta bort – far heilårsfiskar. Dette døme på kva som ofte skjedde – sjølv om bruket forsvann, vart ikkje all jord dermed teken ut av bruk. Men på 80- 90-talet vart jordbruksdrifta i den vesle grenda eg kjem frå lagt heilt ned. Var til saman 8 små gardar. No veks desse igjen med busk og kratt.

Dømet frå mi familie syner også eit anna fenomen som gjer at jordbruksarbeidet no heilt endra preg. Fiskarbonden dreiv næringar i kombinasjon – slik kombinasjonsdrift, ikkje berre med jordbruksarbeid og fiske, men også andre næringar – bør då sjølvsagt nemne skogen som var viktig på Austlandet og i Trøndelag. Slike klassiske yrkeskombinasjonar vart sterkt reduserte – i staden kom nye (bygg, anlegg, kommunale yrker – knytte til utviklinga av velferdssektoren--). Det norske jordbruksarbeidet heldt fram med å vere ei næring som i stor grad vart driven i kombinasjon med andre yrker. Ser vi isolert på jordbruksarbeidet gjekk utviklinga på 1960- og 70-talet i retning av å bli einmannsbruk.

*Ein vaksen person dreiv garden, den andre vaksenpersonen i familien, til vanleg kona kona, hadde yrke utanfor garden.*

Reduksjonen av jordbruket har ei anna side som er verd å nemne. Sjølv om jordbruksbefolkninga har gått drastisk ned, har produksjonen og produktiviteten auka både totalt sett og pr. innbyggjar. Det er uttrykk for sterke økning i produktiviteten. Bak ligg sjølv sagt den sterke mekaniseringa – særleg det som ofte er kalla traktoriseringa av jordbruket (men elles reiskapsrevolusjonen), og innføringa av kjemisk-biologisk teknologi.

Samla sett: Jordbruket endra heilt karakter etter krigen. If. fleire framstillingar er også brotssynspunktet skarpt formulert. E. Bull skriv at 2000 års bondetradisjon gjekk i oppløysing – det skjedde eit nytt hamskifte – eit uttrykk som også blir brukt av Reidar Almås i siste bind av landbrukshistoria. Synspunktet om eit brot er også i slekt med synspunkt som landbruksøkonomen Sigmund Borgan sette fram på 1970- og 80-talet. Han la vekt på at jordbruket miste preg av å vere ei bygdenæring «i egentlig forstand», og at den i staden vart industrialisert ved at stadig større del av produksjonsmidla vart henta utanfrå. Innføring av stadig meir teknologisk innovasjon pressa då ut dei minst konkurransedyktige. Etter den amerikanske økonomen Cochrane, kalla Borgen prosessen for «den økonomiske tredemølle», som han meinte var politisk styrt. Bøndene måtte springe raskare og raskare, og dei som ikkje greidde farten, datt av. Men korleis denne prosessen vart styrt, er framstilt på ulike måtar. Trond Bergh (I boka «Norge fra u-land til i-land») legg vekt på at ved den økonomiske utviklinga som skjedde i og utanfor Norge etter 1945, kravde det liten innsats frå styresmaktene å få til den utviklinga ein fekk i jordbruket. Snarare vart dei ei oppgåve for styresmaktene å prøve å bremse på utviklinga.

## 6. Draumen om det berekraftige familiebruket

Effektivisering og rasjonalisering var hovudverkemiddel for å skape betre levekår i jordbruket. Samstundes: bakte inn mål om utjamning – både i næringa og mellom næringane. Jamstilling med andre næringar vart nedfelt i Fellesprogrammet og vart vedteke i Stortinget i 1947 (heitte her at jordbruket skulle ha «en jevnbyrdig» stilling med andre næringar, og at siktemålet var «utjevning av levevilkår». Dette hang med som målsetting i heile etterkrigstida – fram til 90-åra. Eigentleg var det ein programpost som Bondelaget reiste i

1930-åra. Målet var bakt inn i det som er kalla «Draumen om det berekraftige familiebruksbruket», dvs bruket som var stort nok for å fungere som eit «sjølvstendig» bruk som kunne stå på eigne bein. Rett etter krigen definerte ein dette bruket slik: «Et selvstendig gårdsbruk bør ikke være mindre enn at det er arbeid året rundt til tre vaksne personer». Tenkte seg her eit fjerde familiemedlem som då skulle vere oppteken med husarbeid. Og middelet: strukturasjonalisering og effektivisering. Formuleringane var uklare og lite konkrete, og dei vart også raskt forelda. I 1965, etter ein årelang diskusjon om jordbrukspolitikken, vedtok Stortinget ei ny formulering om dette som også omfatta jamstillingsmålet, der industrielønene vart målestav: «Nettoinntekten per årsverk på et tidsmessig og rasjonelt drevet bruk, stort nok til å gi full sysselsetting for en øvet, voksen person hele året, bør ligge på et nivå som minst svarer til den årslønn voksne menn i gjennomsnittet oppnår i rasjonelt drevet industri.» (Merk at dette skjedde i ei tid då motkretene mot sentralisering og strukturasjonaliseringpopulismen voks i styrke - m.a. med talsmenn som Sigmund Borgan og Ottar Brox.)

Problemet var at utviklinga for å få fram det berekraftige familiebruket gjekk i feil retning. Stadig færre bønder hadde jordbruksbruket som einaste eller viktigaste leveveg – og dette var ei utvikling som også heldt fram også etter 1965.

	einaste leveveg	viktigaste leveveg
1949	40,8	25,4 (Til saman: 66,2)
1959	39,0	22,5 ( 61,5)
1969	33,0	20,6 ( 50,6)
1979	30,5	13,0 ( 43,5)
1989	22,7	16,6 ( 39,3)

Gruppa «ikkje viktigaste leveveg» steig heile tida. Og einaste levevg fall heile tida. På Slutten av 1900-talet berre eitt av fem bruk «einaste leveveg».

Ei forklaring kan vere at rasjonaliseringslinja ikkje gjekk langt nok. Det var også mangt som hemma den – også andre målsettingar. Utjamningstanken hadde ei sterkt stilling i det politiske miljøet. Like eins stod omsynet til sjølvforsyning sterkt like etter etter krigen. Det galdt også omsynet til busetjing. I 1950 vart den såkalla kanaliseringspolitikken gjennomført. For å få opp

kornproduksjonen, som hadde gått ned etter krigen, vart prisen på korn sett opp i dei gode jordbruksbygdene (flatbygdene på Austlandet og i Trøndelag). Det lønte seg for bøndene her å kvitte seg med å kvitte seg med buskapane sine og konsentrere seg om kornet, Fjell-, fjord- og kystbygdene fekk spesiell tillegg i mjølkeprisen, og slapp konkurransen med store brukar. Dette heldt liv i mange små bruk.

Småbrukarlaget som motsette seg den sterke strukturrasjonaliseringa, hadde framleis innverknad – sjølv om den vart stadig mindre. Men organisasjonen vart part i avtalesystemet som vart oppretta ved Hovudavtalen i 1950 – der staten måtte føre over store summar til m.a. prissubsidiar. Tanken var nok at denne støtten skulle falle bort når jordbruket vart «jamstilt» - men det skjedde jo ikkje, så stadig større summar vart overførte, og ein del av desse midla gjekk til differensierte og produksjonsnøytrale tiltak.

Utviklinga gjekk altså ikkje i retning av det «berekriftige» familiebruket. Strukturrasjonaliseringa gjorde likevel at gjennomsnittsbruket vart større – sjølv om stadig færre hadde jordbruk som einaste leveveg. Den gjennomsnittlege storleiken på bruka (over 5 da) steig i perioden 1949 til 1969 frå 49 til 62 dekar. Men Norge var framleis eit småbruksland. Så seint som i 1969 var framleis 57 % av bruka under 50 dekar. I nordisk samanheng var det berre Finland som hadde ein bruksstruktur som likna på den norske, men strukturendringane i Finland skaut fart etter 1970. I Sverige og Danmark gjekk utviklinga mot store bruk langt raskare enn i Norge. Norge stod – og står – slik i ei særstilling.

(Endra seg i slutten av hundreåret -  
1999: vel 20 % i gruppa 5 – 50da - og 23,6% i gruppa 50-100 (til saman 44 %)

1970-talet er spesiell fordi kravet om jamstelling slo så sterkt i gjennom i Norge. Dette er bakgrunn for opptrapingspolitkken og for vedtaket om inntektsmålsettinga som skulle realiserast i perioden 1975-1981. Innebar ei nyorientering med neddemping av effektivitetsmålsetiinga – og med meir vekt på å oppretthalde sysselsetting og bruksstruktur.

Men det enda med blåmandag, overproduksjon og tilbakeslag, og frå 1990-talet kom ein ny og forsterka omgang med rasjonaliseringstiltak – og rask avvikling av bruk.

Gjennomsnittsbruket i 2014: 230 da.

I dag står jordbruket framfor nye endringskrefter. Den nye landbruksministeren har pussa blank draumen om det berekraftige bruket, men med verkemiddel som aktualiserer Borgans karakteristikk av jordbruket som «industrinæring» og «den økonomiske tredemølle» som bilde på utviklinga i næringa.